



## Tilleggsinnkalling

av

Formannskapet

**Møtedato:** 19.03.2015

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 10:30

Valstyret kl 09.00

Administrasjonsutval ca. kl 09.30

Forrmannskap ca. kl 10.30

Tilleggsak om kommunestruktur vert ettersendt etter regionrådsmøte 13.03. Forventa utsending 16.03.

Møte i styringsgruppa for Kraftspela

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til [maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no](mailto:maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

038/2015 Kommunestruktur - oppnemning av forhandlingsutval m.m.

039/2015 Handlingsplan for kompetanseutvikling for skulane 2015-16

16. mars 2015

Karstein Totland, ordførar  
møteleiar

Maud Sleire Holmaas  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/30

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2015	Formannskapet	PS	19.03.2015

### Kommunestruktur - oppnemning av forhandlingsutval m.m.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur**
  - **Ordførar Karstein Totland**
  - **Varaordførar Marit Steinestø**
  - **Formannskapsmedlem Arthur Sjursen**
2. **Det vert arbeid vidare med utgreiing av alternativa**
  1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
  2. Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund)
  3. Alternativt halde fram som eigen kommune
3. **Masfjorden kommune gjennomfører meiningsmåling knytt til alternativa under pkt. 2, først ei undersøking innan utløpet av 1.halvår 2015 og ny kartlegging våren 2016**
4. **Det vert lagt opp til folkemøter, eit fellesmøte i starten (våren 2015), og før saka går til endeleg avgjerd/vedtak i Kommunestyret juni 2016**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

**Vidare prosess og oppfølging av pålagt oppgåve frå Stortinget om utgreiingsplikt av framtidig kommunestruktur.** Status for kommunane i regionen (med unntak av Osterøy som ikkje ser på Nordhordland som aktuelt og Fedje som avventar ei utgreiing om øykommunar) er at dei ønskjer få vurdert om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunane. Eit alternativ vil vere ein stor kommune i Nordhordland. I tillegg kan det vere aktuelt for dei einskilde kommunane å vurdere andre alternativ – for Masfjorden si del gjeld det

1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
2. Gulen,
3. Gulen – Høyanger sør – Modalen - jf. innstilling i høve KS sak 21/2014)
4. halde fram som eigen kommune

Og for å komme vidare i denne prosessen treng ein eit forhandlingsutval

### Vurdering

Ved utnemning av eit forhandlingsutval på inntil 3 representantar, er det naturleg å tenke på ordførar, varaordførar og representant frå det største opposisjonspartiet, som vert administrativ tilrådinga.

For dei alternativa som vi har drøfta tidlegare, er det komme førespurnad frå Solund som gjeld alterantiv 1-3. for Masfjorden sin del.

For alt. 1 er det oppstartsmøte 16.april

I det vidare arbeid ser ein det som naturleg å sjå pkt. 2 og 3 saman, for å redusere tal utgreiingsalternativ. Gulen & Gulen – Høyanger sør – Modalen - jf. innstilling i høve KS sak 21/2014)

For dette alternativet er det oppstartsmøte 25.mars

Som ein peikepinn for det vidare arbeidet med kommunestruktur tilrår ein at det vert gjennomført ei meiningsmåling i løpet av 1.halvår 2015 for å få fram folket sin syn på dei alternativa som ein no arbeidar vidare med. Ei slik undersøking er muleg å få gjennomført innan ei kostnadsramme på 15-20.000,- jf. prisoverslag. Vidare tenker ein at denne forma for kartlegging vert følgt opp i tida før kommunen må ta endeleg stilling til framtidig kommunestruktur juni 2016 – men ny undersøking. Kommunane er lova inntil 100.000 for slikt grunnlagsarbeid.

Folkemøter, eit fellesmøte i tidleg fase, 1.halvår 2015 og vidare folkemøter når ein del avklaringa er på plass, og reelle alternativ er på plass, dvs. ut i 2016.

Ei utfordring med prosessen er kommunevalet til hausten 2015, andre utfordringa er at ein i for liten grad kjenner til framtidige oppgåver for kommunesektoren og at det kjem endringar i inntektssystemet for kommunane etter at ein skal ta stilling til framtidig kommunestruktur.

### Uttale

#### **Vedtak i regionrådsmøte 13.mars, sak 15/2015:**

Regionrådet oppmodar kvart einskild kommune til å oppnemna inntil til tre politikarar til å delta i eit felles forhandlingsutval som har i oppgåve og utforma eit felles beslutningsgrunnlag (SAS-modellen) for samanslåing av kommunane i Nordhordland.

- Forhandlingsutvalet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar og opprettar eit arbeidsutval med 3-5 medlem.
- Rådmennene deltek på møta i det samla forhandlingsutvalet frå kommunane.
- Beslutningsgrunnlag skal vera ferdig innan utgangen av januar 2016.
- Første møte i forhandlingsutvalet blir 16. april.
- Parallelle løp – samtalar og dialog mellom nabokommunar m.v. vil skje samtidig, men utanfor denne prosessen (utanfor samla forhandlingsutval).

## Høyring

### Fakta

Viser til tidlegare saker, og sist til formannskap- og Kommunestyre handsaming i januar 2015, med følgjande vedtak i Kommunestyremøte 22.01.2015;

#### KS - 005/2015 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.**
2. **Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærmere prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.**
3. **Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.**
4. **Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.**

Utkast til prosjektplan vart lagt fram i møte 22.1.15, og utsendt i etterkant (jf. pkt. 3 i vedtaket)

I ettertid har det vorte halde Nordhordlandting 16.febr. med tema Kommunestruktur, og kor revidert prosjektplan vart presentert. Saka har vart handsama i regionrådet den 13.mars 2015. vedtak i høve saka frå regionrådet er teke inn under overskrifta «uttale».

Formannskapet har drøfta kommunestruktur i fleire møter i 2014, og kort oppsummering frå m.a. arbeidsmøte 4.november

- Kor ein drøfta status arbeid regionalt – og som grunnlag innspel/drøfting i regionrådet 7.november
- Utarbeidde høyringsnotat til leiarar, lag/organisasjonar, innbyggjarar
- Opprette forhandlingsutval og mandat
- 4 alternativ
  1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
  2. Gulen,
  3. Gulen – Høyanger sør – Modalen - jf. innstilling i høve KS sak 21/2014)
  4. Halde fram som eigen kommune

## Konklusjon

Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur

- Ordførar Karstein Totland
- Varaordførar Marit Steinestø
- Formannskapsmedlem Arthur Sjursen

Det vert arbeid vidare med utgreiing av alternativa

- Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
- Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund)
- alternativt halde fram som eigen kommune

Masfjorden kommune gjennomfører meiningsmåling knytt til alternativa under pkt. 2, først ei undersøking innan utløpet av 1.halvår 2015 og ny kartlegging våren 2016

Det vert lagt opp til folkemøter, eit fellesmøte i starten (våren 2015), og før saka går til endeleg avgjerd/vedtak i Kommunestyret juni 2016

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 144	15/125

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2015	Formannskapet	PS	19.03.2015
	Kommunestyret	PS	

### Handlingsplan for kompetanseutvikling for skulane 2015-16

32T

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2015-16 (13014)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2015-16 slik han ligg føre.**

**Saksopplysningar:**

#### Bakgrunn

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen for perioden 2012 -2015 vart vedteken i kommunestyremøte 29. mars 2012. Det vert laga ein årleg handlingsplan som byggjer på treårsplanen. Plan for ein ny treårsperiode må lagast i løpet av 2015.

#### Fakta

#### Vidareutdanning:

I 2014 har Masfjorden kommune fått i kr. 277.500 i statlege midlar til å auka kompetansen for personalet i grunnskulen høve til læreplanen Kunnskapsløftet. Midlane har i stor grad gått til å dekka vikarutgifter i samband med vidareutdanning. Tre lærarar tok vidareutdanning skuleåret 2013-14, medan ein er i gang med vidareutdanning skuleåret 2014-15.

Fordelinga mellom stat, kommune og lærar vart endra i den nye «Strategi for etter- og vidareutdanning» som er vedteken for perioden 2012-15. No dekkar staten 50 % av vikarutgiftene, kommunen 25 % og læraren 25 %. Dessutan betalar kommunen kostnader til reise, opphold, læremiddel og andre studieutgifter for dei som har fått plass på vidareutdanning. Det er eit krav at kommunen kvart år gjev ei tilbakemelding til staten på korleis midlane har vorte brukte.

I Masfjorden kommune sitt budsjett for 2015 er det sett av kr. 360.000 til vidareutdanning.

## **Etterutdanning:**

Dei statlege midlane til etterutdanning har minka dei siste åra og er no heilte vekke. Grunnen er at staten ynskjer å bruka pengane til vidareutdanning som gjev studiepoeng og dermed auke formell kompetanse. Men vidareutdanninga når berre nokre få lærarar, og det er viktig at alle lærarar får auka kompetansen sin på området som er viktige for skulen. I 2014 brukte skulane våre tre planleggingsdagar til felles kursing av lærarane i prosjektet «Betre læringsmiljø». Nordhordland kursregion arrangerer ein del fagkurs som lærarar kan søkja plass på, m.a. på felles planleggingsdagar. Der er og sett i gang ei kursrekke for leiarar i skulen. Frå hausten 2015 skal me i gang med skulebasert kompetanseutvikling, den såkalla ungdomsstegsatsinga.

## **Vurdering**

§ 10-8 i Opplæringslova slår fast at «Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling».

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Tilbakemeldingane etter den første perioden med «Strategi for etter- og vidareutdanning», er gode. Høgskulane har fått statlege midlar til å utvikla eit godt vidareutdanningstilbod. Etterutdanningstilboden i regi av Nordhordland kursregion og høgskulane har også høg kvalitet.

St. prp. Nr 1 (2006-07) seier at «...det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetansetviklingstiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda».

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at «for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen».

## **Konklusjon**

Dersom kommunen i framtida skal få tildelt statlege kompetansemidlar, må kommunestyret kvart år vedta ein handlingsplan. Den vedlagde handlingsplanen byggjer på ønskje om vidare- og etterutdanning som den einskilde rektor har henta inn frå sine tilsette. Samstundes er det lagt vekt på kva fag rektorane meiner at skulane treng auke kompetanse i og skuleeigar sine prioriteringar.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for 2015-2016 slik han ligg føre.



## Notat

Sakshandsamar: Rådgjevargruppa/Alf Magnar Strand

Vår referanse: 15/125 - 15/687 / FE - 144

Dato: 09.03.2015

---

### **Emne: Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2015-16**

Den statlege satsinga på kompetanseheving for lærarar kjem til uttrykk i desse dokumenta:

**Kompetanse for kvalitet 2012-2015** frå november 2011 og **Informasjon om tildeling av midler til vidareutdanning i 2015**, datert 02.02.2015.

Den kommunale kompetanseutviklingsplanen for skulane for perioden 2012-15 vart vedteken av kommunestyret 29.03. 2012, sak 18/12.

I Kompetanse for kvalitet står det at ”En viktig forutsetning for elevenes læring er lærere med høy faglig og pedagogisk kompetanse og kompetente skoleledere” .

Staten, KS og lærarorganisasjonane har gått saman om ein strategi som skal styrka den faglege kompetansen til lærarane.

Det vil krevja vidareutdanning, altså kompetansegjevande utdanning. Vidareutdanninga skal i første rekke målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrka. Partane snakkar om eit varig system for vidareutdanning.

Det har dei siste åra vore ei nedtrapping på midlane til etterutdanning (altså kortare kurs) til fordel for vidareutdanning. Staten vil med etterutdanningsmidlane ha ”som mål å øke lærernes kompetanse gjennom etterutdanning på prioriterte fag og områder”.

#### Vidareutdanning:

Midlane til vidareutdanning for skuleåret 2014-2015 skal i følgje styringsdokumenta gå til desse faga:

Norsk, matematikk og engelsk

Leseopplæring på barnesteget

Rådgjeving, kunst og handverk, rekning som grunnleggande dugleik, musikk, mat og helse, kroppsøving og skuleleiing

Kommunestyret har tidlegare sagt at basisfaga norsk, matematikk og engelsk skal prioriterast. (sak 6/2010 ). Det samsvarar då med den nasjonale satsinga.

Det sentrale studietilbodet har eit omfang på 30 studiepoeng over to semester. Dette er tilbod som vert gjeve ved høgskular og universitet over heile landet. Studia vil i stor grad vera nettbaserte slik at studentane kan arbeida heimanfrå. Det er i tillegg lagt opp til nokre veke- og/eller helgesamlingar.

Det er og høve til å prioritera andre fag ut frå lokale behov. Då må lærarane sjølve søkja studieplass innanfor det vidareutdanningstilbodet som høgskulane/universiteta gjev.

Frå og med skuleåret 2014-15 dekker staten 75 % av vikarutgiftene for lærarar som vil ta vidareutdanning i matematikk og naturfag og 60% for lærarar som vil ta andre fag. Kommunen sine utgifter går då ned tilsvarande.

Staten vil yta kr 180000 pr. student pr. studieår til dekking av vikarutgifter i vanlege fag, men 225000 til vidareutdanning i matematikk og naturfag . Kommunen må dekka 45000 kr pluss reisekostnader og læremiddel. Læraren kan arbeida tre dagar for veka og studera i 2 dagar.

Lærarane søker på nett. Rektor prioriterer søknadene etter kva behovet er på eigen skule. Søknadene som kjem inn frå lærarane, vert vurderte av rektor og rådmannen og sende vidare i prioritert rekkefølgje til Utdanningsdirektoratet.

I matematikk har no ein lærar på kvar skule fått vidareutdanning. Til våren vil me sidan ordninga kom i gang ha gitt slik vidareutdanning:

Matematikk: 3 lærarar

Naturfag: 1 lærar

Mat og helse: 1 lærar

Norsk: 2 lærarar

Fransk: 1 lærar

Spes.ped: 1 lærar

Engelsk: 1 lærar

Fordelinga på skular er slik:

Nordbygda 3 lærarar

Sandnes 3 lærarar

Matre 3 lærarar

Rådmannen går i tråd med den vedtekne planen frå i fjar inn for følgjande prioritering:

- 1 Norsk
- 2 Engelsk
- 3 Rådgjeving
- 4 Kunst og handverk
- 5 Andre framandspråk
- 6 Musikk

Frå statleg hold vil Masfjorden kommune i utgangspunktet få dekka vikarutgifter for ein lærar. Ut frå eige budsjett kan Masfjorden la 3 lærarar få vidareutdanning i 2015-16. Det samsvarar med det talet lærarar som årleg har fått vidareutdanning dei tre føregåande åra. Skuleåret 2014-15 er det berre ein lærar som er i gang med slik utdanning, men det er viktig å hugsa på at ordninga med gratis vidareutdanning skal vera eit "varig system for videreutdanning for det pedagogiske personalet". Me kan difor tenkja litt meir langsigkt når det gjeld oppbygging av kompetanse i lærarstaben.

Etterutdanning:

Me kan ikkje rekna med statleg tilskot til etterutdanning neste skuleår. Den etterutdanning våre tilsette tek del i, må i stor grad dekkast av kommunen.

I kompetanseutviklingsplanen for 2012-15 er følgjande etterutdanning prioritert:

- 1 Leseopplæring
- 2 Rekneopplæring
- 3 Klasseleiing
- 4 Spesialpedagogikk
- 5 Tilpassa opplæring
- 6 IKT
- 7 Utdanningsval
- 8 Valfag
- 9 Individuell etterutdanning

Skulane i Masfjorden var fram til jul 2014 i stor grad opptekne med skulering innan utvalde emne i «Betre læringsmiljø». Frå hausten skal me til med skulebasert kompetanseutvikling på kvar skule, også kalla «Ungdomssteg i utvikling». Høgskulen NLA er vår rettleiar.

I tillegg kan ein gjera seg nytte av dei kurstilboda som Nordhordland kursregion set i gang. Rektor og inspektør er med på den leiaropplæringa som kursregionen sette i gang sist vinter.

#### Kartlegging av kompetanse:

Behovet for kompetanse har vore kartlagt på skulane i samarbeid mellom rektor og tillitsvalde i fjer i samband med kompetanseutviklingsplanen.

#### ØKONOMI

##### Vidareutdanning:

«Strategi for videreutdanning av lærere» legg opp til at staten skal dekka vikarutgifter med kr 90000/ 127500 pr. 15 studiepoeng pr. halvår. Kommunen går inn med fjerdeparten så mykje.

Masfjorden har studieplass for 1 lærar våren 2015. Dersom me får plass for 3 lærarar hausten 2015, vil det kosta oss i alt 180000 kr pluss reiser og læremiddel. Det tilsvarer det som er budsjettet når me legg til 50000 i etterutdanning.

##### Etterutdanning:

Det er budsjettet med kr 50000 til etterutdanning i 2015. I tillegg har kvar skule ein sum til kurs og konferansar. I budsjettframlegget nedanfor er det rekna med same kommunale sum til etterutdanning for 2015.

#### BUDSJETT

	2014	2015	2016
Statlege tilskot	375000	360000	450000
Kommunal eigendel	350000	230000	275000
Sum	725000	590000	725000

Planen vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning .